



Kent Ivar Mjølkeråen
Særvollsvegen 37
5217 Hagavik

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Brevdato
26/72554	26/6009	Anders Vangsnes Bøe post@bjornafjorden.kommune.no https://bjornafjorden.kommune.no/		13.07.2026

40/5, Lepsøyvegen - Løyve til utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg

Delegasjonssaksnr. Utval
661/2026 - Delegert sak Plan-, bygg- og miljøutvalet

Ansvarleg for utslepp:	Kent Ivar Mjølkeråen
Bygningstype:	Einebustad
Beregnet Pe:	7
Anleggstype:	Biovac Dynamic 1 minireinseanlegg med etterpolering
Restutslipp:	Infiltrasjon/etterpolering

Bakgrunn

Søknaden gjeld utslepp av sanitært avløpsvatn frå einebustad. Avløpsvatnet skal reinsast gjennom eit Biovac Dynamic 1 minireinseanlegg før utslepp på eigen grunn.

Avdeling for samferdsel og VA si vurdering

Bustaden ligg i sone 3 – og reinsekravet er 90 % reduksjon av fosfor og BOF5.

Melding om utslepp mottatt 11.06.2026, gjeld reinsing via minireinseanlegg med utslepp på eigen grunn.

Meldinga er såleis i samsvar med «*Lokal forskrift for utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg i Bjørnafjorden kommune*» og kan godkjennast.

Nabovarsel

Naboar vert varsla – merknad frå Anders Lekven motteke:

«Viser til mottatt nabovarsel. Slik renseanlegget er vist plassert, vil den komme i direkte konflikt med vår vannledning til eigedomane 40/61, 40/79 og 40/99. Stiller også spørsmål til renseanlegg med avsig direkte til vår felles badevik. Alle våre eigedomar har valgt tilknytning til offentlig kloakk for å sikre trygg badevik for våre små. Dette er etter vår meining einaste akseptable løysing i området.».



Kommunen gjer merksam på at nesten alle, med unntak av 3 eigedommar heilt nede med sjøen, har privat avløpsløyse med minireinseanlegg i dette området.

Naturmangfald- og vassforskrifta

Løyvet gjeld eit Biovac Dynamic 1minireinseanlegg med utslepp til eigen grunn. Minireinseanlegget reinsar 90 % fosfor og BOF₅ og kommunen meiner at totalbelastninga på vassresipienten kjem ikkje til å endre status for vassførekomst i høve krava i vassforskrifta. Med ovannemnte reinsegrad ser ikkje kommunen at det planlagde utsleppet kjem i konflikt med vern av naturmangfaldet eller føresegner i naturmangfaldlova jamfør § 7 i naturmangfaldlova.

VEDTAK:

I medhald av «*Lokal forskrift om utslepp av avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg i Bjørnafjorden kommune*», godkjenner avdeling for samferdsel og VA søknaden på følgande vilkår:

1. Rørleggjararbeidet skal meldast gjennom godkjent rørleggar, og «*Sanitærabonnement/førehandsuttale privat VA*» skal vere registrert inn og vere godkjent av avdeling for samferdsel og VA før grunnarbeidet blir sett i gang.
2. **Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova §20-1 og arbeidet må ikkje setjast i gang utan at løyve er gitt frå byggesaksavdelinga.**
3. Avløpet skal reinsast gjennom Biovac Dynamic 1 minireinseanlegg, før utslepp til 22 m² infiltrasjonsanlegg.
4. Tømming av minireinseanlegg utførast etter pålagt frekvens frå Bjørnafjorden kommune. Minireinseanlegget skal plasserast slik at han kan tømmast av slamsugebil (maks 50 m frå veg og maks 5 m løftehøgde). Oppstillingsplass må tole slamtømmebil på 20 tonn.
5. Kumlokk skal vere forsvarleg sikra. Dei skal ikkje vere tildekt, men tilgjengeleg for inspeksjon og tømming.
6. Dersom det i samband med gravinga vert oppdaga freda kulturminne eller forureina grunn, skal arbeidet straks stoppa. Melding om funn av kulturminne skal sendast til fylkeskommunen, medan melding om forureina grunn skal sendast til kommunen med det same.
7. Dersom det i framtida kjem offentleg avløpsleidning/vert etablert fellesanlegg for området, kan eigedommen bli pålagt å knytte seg til, uavhengig av utsleppsløyve gitt i dette vedtaket.



8. Serviceavtale skal vere inngått mellom anleggseigar og ei godkjent føretak. Løyvet er berre gyldig så lenge signert drifts- og vedlikehaldsavtale vert oppretthaldt og følgt. Dersom avtalen vert brote av ein av partane må det bli inngått og godkjent ny avtale med kommunen.

Vedtaket er heimla i Forureiningslova §11 samt Lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg i Bjørnafjorden kommune.

Generelle vilkår for utsleppsløyve:

Arbeidet med utsleppet må starta seinast 3 år etter at løyve er gitt, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet blir innstilt i meir enn 2 år.

Eigar av utsleppsløyvet er ansvarleg for ev. forureining. (jf. § 7 i forureiningslova). Skulle det oppstå hygieniske ulemper med avløpet, vil omlegging bli kravd.

Når offentleg avløpsleidning går over eller nær eigedomen, kan kommunen krevje tilknytning til denne, uavhengig av utsleppsløyve gitt i dette vedtak, jf. § 27-2 i plan- og bygningslova.

Dette må du ha i orden før «Sanitærabonnement/førehandsuttale privat VA»:

Dersom framføringa skal leggst over nabogrunn, må rett til framføring av avløpsleidning over privat grunn dokumenterast i «Sanitærabonnement/førehandsuttale privat VA». Dette gjeld òg ved tilkopling på eksisterande avløpsleidningar, der rett til bruk av privat avløpsleidning må vere dokumentert i «Sanitærabonnement/førehandsuttale privat VA».

Du og aktuelle partar kan klage på vedtaket.

Du kan klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker. Hugs å grunngje klagen og føre opp kva endringar de ønskjer. Send klagen til post@bjornafjorden.kommune.no.

Også andre som dette løyvet til utslepp vedkjem, til dømes naboar, kan klage på vedtaket.

Dersom nokon klagar på løyvet, installerer du anlegget på eigen risiko. Kommunen kan bestemme at løyvet ikkje kan takast i bruk før klagen er avgjort. Kommunen si avgjerd om dette kan ikkje påklagast, jamfør Forvaltningslova § 42.

Du har rett til å sjå dokumenta i saka.

Du har og rett til å sjå alle dokument i saka, jamfør forvaltningslova § 18 og 19. I denne saka er dokumenta offentlege, og alle som ønskjer, har rett til å sjå og gjere seg kjend med dei.

Du må betale eit saksbehandlingsgebyr

Kommunen si behandling av søknad om løyve til utslepp er omfatta av ei gebyrordning, sjå gebyrregulativet til Bjørnafjorden kommune. Du må betale eit gebyr på kr. 7 200,- for kommunen si behandling av søknaden.



Har du spørsmål?

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med saksbehandlaren vår på tlf 56 57 50 00 eller e-post post@bjornafjorden.kommune.no.

Med vennleg helsing

Agnete Haugland
Leder - Samferdsle

Anders Vangsnes Bøe
Ingeniør - Avd. VA

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

40/5, Lepsøyvegen - Søknad om utsleppsløyve
Situasjonsplan
Følgeskriv
Oversikt over berørte interesser
Dokumentasjon av reinsegrad
Produktsertifikat

Kopi til:

Byggadministrasjon Harald	Postboks 103	5649	Eikelandssosen
Bjørndal As			
Maria Bøgevik Brandal	Konsulent - Avd. VA		
Siri Clausen	Ingeniør - Avd. VA		



Klageadgang, innsynsrett og rett til å få rettleiing av kommunen	
Klagerett: <i>Forvaltningslova (fvl) § 28</i>	De har rett til å klage på vedtaket. Andre aktuelle parter kan også klage på vedtaket.
Kven kan de klages til: <i>Forureiningslova (forurl) § 85 annet ledd, jf. fvl § 28)</i>	Klagen rettes til overordna forvaltningsorgan som er kommunens klagenemd – forurl. § 85 jf. fvl. § 28] Klagen sendes til: Bjørnafjorden kommune, Postboks 24, 5649 Eikelandssøsen
Klagefrist: <i>fvl §§ 29, 30 og 31</i>	Klagefristen er tre veker frå den dagen brevet kom fram. Klaga må vere postlagt innan fristens utløp. Dersom de klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. Du må derfor opplyse om årsaka til forsinkelsen.
Rett til å krevje grunngjeving: <i>fvl §§ 24 og 25</i>	Dersom de meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan de krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen de får grunngjevinga.
Innhaldet i klaga: <i>fvl § 32</i>	De må presisere kva eit vedtaket de klager på, årsaka til at de klager, den eller dei endringar de ønskjer og eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga. Klaga må underskrivast.
Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket: <i>fvl §§ 31 og 42</i>	Jamvel om de har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjast i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
Kostnader ved klaga: <i>fvl § 36</i>	De kan søkje om å få dekt utgifter til advokathjelpa de treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld visse grenser for inntekt og eige. Statsforvalterens kontor eller advokaten dykkar kan gi nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til dykkar fordel, kan de etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen vil kunne orientere om retten til å krevje slik dekning.
Rett til å krevje rettleiing: <i>fvl § 11</i>	Kommunen har en alminnelig veiledningsplikt, slik at parter og andre interesserte skal kunne ivareta sine interesser i saken på best mulig måte. Omfanget av veiledningen må tilpasses kommunens situasjon og kapasitet.
Rett til å se sakens dokumenter: <i>fvl §§ 18-19</i>	Partane har normalt rett til å se dokumentene i saka.